

Referat frå møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 20. oktober 2025 kl. 13.30-15.00

Stad: Rom 435 HF-bygget

Til stades: Aidan Conti (undervisningskoordinator), Anne Beate Maurset (allmenn litteraturvitskap), Hanna-Riikka Roine (digital kultur), Helga Mannsåker (nordisk språk), Anna Bohlin (nordisk litteratur), Ann-Kristin Helland Gujord (norsk som andrespråk), Sander Jensen Schipper (teatervitskap), Pär Sandin (klassisk), Marianne van Baar (Norskkursa), Ragnhild Lie Anderson (lektorutdanninga), Jens Eike Schnall (norrøn filologi), Aline Pena Gill (studentrepresentant), Cornelius Vestvik (studentrepresentant), Ingeborg Storebø (sekretær)

Frå studieadministrasjonen: Linnea Reitan Jensen, Amund Sørås

Meldt forfall: Ulla Kallenbach (teatervitskap)

Ikkje møtt: Christer Johansson (språkvitskap), Henning Laugerud (kunsthistorie), Sandra Sandnes (studentrepresentant)

Saksliste

UUI-sak 14/25: Godkjenning av innkalling og saksliste.....	1
UUI-sak 15/25: Orienteringssaker.....	1
Orienteringssak 1: Status og prosess i studieporteføljeprojektet	1
UUI-sak 16/25: Diskusjonssaker	3
Diskusjonssak 1: Internasjonalisering ved LLE.....	3
Diskusjonssak 2: Mandat for UUI	3
UUI-sak 17/25: Ymist.....	4

UUI-sak 14/25: Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

UUI-sak 15/25: Orienteringssaker

Orienteringssak 1: Status og prosess i studieporteføljeprojektet

Aidan repeterte LLEs og HFs prosess og rapporterte frå førre møte i Studiestyret.

Emnepakkar:

- Forslag innan 9. november til Aidan Conti og Signe Nilssen
- Godkjenning på møtet i UUI 8. desember

Fakultetet har oppretta ei nettside med informasjon, fristar, malar m.m.:

[Studieporteføljen ved HF | Det humanistiske fakultet | UiB](#)

Fagkoordinatorane melde inn status for arbeidet i miljøa sine:

Klassisk: Har hatt møte om emnepakkar med forskargruppa Den Antikke Verden ved AHKR. Eitt fellesemne er godkjent i programstyret og skal vidare til kunsthistorie som felles bacheloroppgåveemne. Arbeidet med LES100 er ikkje starta.

Norsk kursa: Ikkje aktuelt.

Nordisk språk: Har foreslått ein emnepakke, men saka vart sendt i retur. Foreslo emnepakke med PRAKTINF, men usikkerheit rundt korleis det blir ettersom det er uregelmessig tilbod av emnet. Det har vore noko forvirring knytt til prosessane rundt emnepakkane. Har samarbeid med norrøn filologi om fellesemne. Pensum til LES100 er meldt inn.

Teatervitskap: Har laga emnepakkar, og har på plass fellesemne med nordisk litteratur. Pensum til LES100 er meldt inn.

Allmenn litteraturvitskap: Ser årsstudium som ei naturleg løysing for emnepakkar for studentane, og tar kontakt litt rundt. Har ikkje arbeidd med fellesemne enno. Har store, godt besøkte emne, og meiner difor det er lite føremålstenleg å slå saman kurs med andre fag. KVIK203 er allereie ein type fellesemne som krysslistar med deira emne, men usikkerheit om det blir rekna som fellesemne. Pensum til LES100 er meldt inn, men studentane har gitt tilbakemelding til undervisarane om mykje gjentakning i ALLV100 og LES100. Ressursbruk og ulik undervisning mellom ulike grupper i LES100 er eit tema.

Nordisk litteratur: Vil anbefale studentane å ta årsstudium som emnepakke. Har samarbeid med teatervitskap og norsk som andrespråk om fellesemne. Pensum til LES100 er meldt inn. Det er stilt spørsmål rundt skiljet mellom innføringsemne og LES100, og om manglande kompetanse i grunnleggjande ferdigheitsundervisning i fagmiljøa.

Norrøn filologi: Ser årsstudium som ei god løysing for emnepakkar, og vurderer fleire kombinasjonar med klassisk, kunsthistorie, mellomalderstudium og fleire ved AHKR. Har fellesemne med nordisk språk. I prosess med klassisk om fellesemne, og har hatt eit møte der det blei diskutert om historie skal vere med. Interessert i fleire fellesemne. Er ikkje så sentrale i LES100, og tar det som blir lagt til dei og finn ei løysing.

Lektorutdanninga: Ikkje aktuelt.

Digital kultur: Emnepakkar med KI-emne frå filosofi og Digital medieestetikk. Har samarbeid med SKOK om fellesemne – DIKULT106 med kjønnspektiv. Har sendt inn leseliste for LES100.

Norsk som andrespråk: Arbeid med emnepakkar med russisk, arabisk og ein arbeidslivsrelatert emnepakke. Vil passe på at det blir tenkt på religion og historie i ein kombinert emnepakke som kan vere relevant for studentane. Har allereie fellesemne med nordisk litteratur og samarbeid om fellesemne med nordisk språk, så får studentane valmoglegheiter for fellesemne ut frå spesialiseringa si. LES100 er ikkje aktuelt.

Det vart peikt på at LES100 er eit ferdigheitsemne, medan innføringsemna er kunnskapsretta.

Det vart stilt spørsmål om emnepakkar må opp i programstyret før godkjenning. Det er ikkje krav om dette. Emneansvarleg må vere informert om at emnet inngår i ein emnepakke og bør godkjenne dette i til dømes eit fagmøte. For emnepakkar som tilsvarar årsstudium er det ikkje naudsynt å kontakte fagmiljøet. Fellesemne kan etter kvart bli ein del av emnepakkar.

[Retningslinjer for emnepakkar ligg på studieportefølgjesida, og er tilgjengeleg her.](#)

Programstyra skal seinare velje kva emnepakkar som skal vere aktuelle for eigne studentar. Det vart understreka at arbeidet også vil halde fram etter fristen for å melde inn emnepakkar, 9. november.

UUI-sak 16/25: Diskusjonssaker

Diskusjonssak 1: Internasjonalisering ved LLE

Utvalet drøfta korleis LLE bør arbeide med internasjonalisering framover.

I det noverande mandatet for UUI er internasjonalisering berre nemnd som eit tema utvalet skal ha ansvar for, utan nærare skildring. Det vart peikt på behovet for ein tydelegare plan for korleis instituttet skal arbeide med internasjonalisering, gjerne forankra i ramma av UUI.

Som døme på aktuelle utfordringar vart det vist til at fakultetet har kansellert fleire utvekslingsavtalar på grunn av manglande aktivitet frå UiB-studentar, som blei orientert om ved førre UUI-møte. Samstundes er nokre av desse avtalane viktige fordi dei genererer innvekslingsstudentar. Det vart òg nemnt at ein del av utfordringa kan vere at avtalane ligg på andre institutt, og at det kan vere ønskjeleg å flytte nokre av dei til LLE for betre oversikt og oppfølging.

Utvalet drøfta vidare moglege tiltak for å styrkje internasjonaliseringa, som å undersøkje status for forelesarutvekslingar, arbeide for å gjere instituttet meir synleg internasjonalt og å invitere fleire gjesteforelesarar.

Diskusjonssak 2: Mandat for UUI

Feilen i sakslista, der saka tidlegare var oppført som «Mandat for fagkoordinatorar», er retta til «Mandat for UUI».

Utvalet drøfta om mandatet for UUI bør oppdaterast i lys av førre diskusjonssak om internasjonalisering. Det vart peikt på at mandatet kan tydeleggjerast, særleg når det gjeld utvalet si rolle i arbeidet med internasjonalisering for studentar og tilsette ved instituttet.

Det vart òg drøfta korleis arbeidet med internasjonalisering bør forankrast – om det bør integrerast i UUI-mandatet eller heller i LLE sin overordna strategi.

Utvalet foreslo å opprette ei arbeidsgruppe som kan utarbeide forslag til endringar i mandatet og konkretisere korleis UUI kan bidra til å fremje og utvikle internasjonalisering ved instituttet.

Jens Eike Schnall og Aline Pena Gill melde interesse for å delta i arbeidsgruppa, men fleire deltakarar må avklarast.

Samansetning og arbeid i gruppa blir følgd opp vidare i neste møte.

UUI-sak 17/25: Ymist

Ingen saker.